

# GJER TRU TIL HANDLING - STØTT ARBEIDET I ESTLAND



**AvtaleGiro**

Kontonr: 8220 02 85057

EG VIL BLI FAST GIVAR til \_\_\_\_\_ kyrkjelyd  
sin misjonsavtale i Estland via AvtaleGiro

Eg ønsker å gi kroner (per måned)

- ☐ 300,-  
☐ 500,-  
☐ 1000,-  
☐ Anna beløp \_\_\_\_\_

Belast mitt kontrnr:

|  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |
|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|
|  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |
|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|

NAVN: \_\_\_\_\_

ADRESSE: \_\_\_\_\_

POSTNR: \_\_\_\_\_ POSTSTAD: \_\_\_\_\_

E-POST: \_\_\_\_\_

STAD/DATO: \_\_\_\_\_ MOBIL: \_\_\_\_\_

UNDERSKRIFT: \_\_\_\_\_

PERSONNUMMER: (Fyll ut om du ønsker skattefrådrag)

|  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |
|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|
|  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |
|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|

KID. NUMMER: (Vert fylt ut av NMS)

|  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |
|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|
|  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |  |
|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|--|

KUPONGEN SENDER DU TIL: NMS, POSTBOKS 226 SENTRUM, 4001 STAVANGER

VIL DU GI EI ENKELTGÅVE, bruk konto 8220 02 85057 merk ESTLAND

VÅR KYRKJELYD HAR MISJONSAVTALE I

# ESTLAND

**SAMAN**



Deler vi trua  
på Jesus



Utryddar vi  
fattigdom



Kjempar vi  
mot urett



# DETTE ER DE MED PÅ I ESTLAND



## Å ta diakonale utfordringar

*Det er her eg kjenner meg heime, seier Ülle. Ho er no aktiv i kyrkjelyden i Mustamäe i Tallinn. Dette er ein av mange kyrkjelydar med store diakonale utfordringar. Høg arbeidsløyse fører til rusmisbruk og håpløyse. Ülle koordinerer arbeidet med å dela ut mat-pakker til vanskelegstilte familiar. Ho har funne sin kyrkjelyd og sine oppgåver.*

Dei to NMS-støtta kyrkjelydane i Mustamäe og Saku gjer noko konkret for menneske som slit. Dei deler ut mat og går på husbesøk og tek dermed utfordringa frå Bibelen bokstaveleg. Saman med NMS er de med på å gjera tru til handling og gi håp i håpløysa

## Å byggja kyrkjelyd og kyrkje

Før krigen var 97 prosent av befolkninga medlemmer i eit kyrkjesamfunn, dei fleste i EELK. I dag fell berre ein av fire inn i den kategorien, Det store fleirtalet har minimal kjennskap til innhaldet i kristen tru. I løpet av 50 år med kommunisme vaks det fram nye befolkningsentra utan kyrkjer. Saman med NMS er de no med på å byggja både kyrkjelyd og kyrkje i to slike tilflyttingsområde. Det eine i Mustamäe, ein bydel i Tallinn, det andre i forstaden Saku.

Gjennom satsing på barn og unge vil desse kyrkjelydane vera til inspirasjon også for andre kyrkjelydar der dette arbeidet har ligge nede sidan mellomkrigstida. De bidrar også til opplæring av ungdomsleiarar og til eit spennande kristent mediearbeid av og for ungdom.

## Oppfølging frå NMS

E-post til kyrkjelyden tre gonger i året. Film/powerpoint ein til to gonger i året. Eiga side for kyrkjelyden på [www.nms.no](http://www.nms.no). Eventuelle besøk på førespurnad.

## Kontaktinformasjon

Tlf: 5 1 51 61 00. E-post: [info@nms.no](mailto:info@nms.no).

Postadresse: Boks 226 Sentrum, 4001 Stavanger.

Adresse til lokal informant ligg på kyrkjelyden si side på [www.nms.no](http://www.nms.no).

## FAKTA OM ESTLAND:

Estland er ein republikk med 1,26 mill. innbyggjarar. Religion: Kristendom, 10 prosent lutheranarar. 75 prosent av befolkninga blir rekna som ikkje-religiøse.

## KVA GJER NMS HER?

NMS amarbeider med Den luterske kyrkje i Estland (EELK). Kyrkja opplevde under kommunisttida å bli undertrykt og aktivt motarbeidd. Det var harde tider for dei kristne og for kyrkja, og difor treng dei i dag støttespelarar for å «koma på banen» att.

